



---

**Referansar:** KM 05/07, KM 15/14, KM 12/15, KM 12/16, KM 13/16, KM 14/16, KM 15/17, KM 06/18, KR 50/10, KR 38/18, KR 66/18

**Arkivsak:** 17/01312-5

**Saksdokumenter:**

KM 15.1/19 Vedlegg - KMs forretningsorden med spor endring

## Endringar i forretningsordenen for Kyrkjemøtet

### Samandrag

Kyrkjerådet gjer framlegg om ei rekkje endringar i forretningsordenen for Kyrkjemøtet:

- Regjeringa og Kulturdepartementet blir fjerna frå oversynet over dei som kan melde saker til Kyrkjemøtet. Dersom dei ønskjer å melde ei sak i framtida, skal dette gjerast gjennom Kyrkjerådet.
- Ein etablerer ein eigen prosedyre for behandling av regelsaker; dersom Kyrkjemøtet ønskjer å vedta eit framlegg som ikkje er utgreidd i ei regelsak, skal saka sendast tilbake til Kyrkjerådet for nærmare utgreiing før endeleg vedtak. Dersom saka hastar, skal ho ferdigbehandlast av Kyrkjerådet innanfor dei rammene Kyrkjemøtet set.
- Ein regel om at dirigentskapet skal avvise endringsforslag som klart strir mot reglar gitt i lov eller i kyrkjeordninga.
- Komitéleiar skal veljast for to år om gongen.
- Komitéleiar kan i særskilde tilfelle i samråd med Kyrkjerådet kalle komiteen inn til ein ekstra møtedag i forkant av Kyrkjemøtet, mellom anna for å gjere det mogleg for komiteen å gjennomføre høyring med god nok tid.
- Endringsforslag kan berre fremjast i første plenumsbehandling med mindre nytt forslag i seinare plenumsbehandling gjeld eit punkt i innstillinga som er nytt i forhold til første plenumsbehandling.
- Det skal tydeleggjerast at Kyrkjemøtet som hovudregel bruker elektronisk møtesystem.

I tillegg gjer Kyrkjerådet framlegg om nokre språklege endringar, at tilvisingar til kyrkjelova blir oppdaterte til tilvisingar til kyrkjeordninga, og nokre andre mindre endringar.

## Framlegg til vedtak

Kyrkerådet rår Kyrkjemøtet til å gjere desse vedtaka:

I forretningsordenen for Kyrkjemøtet gjer ein desse endringane:

§ 1-1 skal lyde:

### § 1-1.

Kirkemøtet er det øverste representative organ i Den norske kirke.  
Kirkemøtet skal utføre sitt arbeid i lojalitet mot den evangelisk-lutherske lære, jf. *kirkeordningen § 37*.

§ 1-4 skal lyde:

### § 1-4. *Andre representanter på Kirkemøtet*

Med tale- og forslagsrett møter:

- leder av Mellomkirkelig råd, såfremt vedkommende ikke er valgt medlem av Kirkemøtet,
- *fire* representanter for Ungdommens kirkemøte,
- *en* representant for hver av de tre teologiske fakultetene, oppnevnt av fakultetet selv,
- første varamedlem for døvemenighetenes medlem i Oslo bispedømmeråd, og
- avtroppende medlemmer av Kirkerådet.

Med talerett møter:

- Kirkerådets direktør,
- *generalsekretærene* i Mellomkirkelig råd og Samisk kirkeråd,
- en representant fra hvert kirkesamfunn som Den norske kirke har kirkefelleskap med.

Med talerett i saker som angår egen virksomhet møter:

- En representant for Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet og
- en representant for Døvekirkenes fellelsråd.

Møtet kan gi talerett i enkeltsaker til andre personer etter forslag fra dirigenten.

§ 1-5 skal lyde:

### § 1-5. *Møteplikt*

Kirkemøtets medlemmer har møteplikt, jf. *kirkeordningen § 38 første ledd*. Dette gjelder også representanter med tale- og forslagsrett. *Gyldig forfall* meldes til Kirkerådet, som er ansvarlig for å innkalle varamedlem.

Hvis et medlem har forfall for to dager eller mer, innkalles i stedet varamedlem for hele møtet.

Varamedlem kan ikke innkalles for deler av møtet.

§ 2-1 skal lyde:

**§ 2-1. Melding av saker**

Følgende instanser kan melde saker til behandling av Kirkemøtet.

- Kirkerådet,
- bispedømmerådene,
- medlemmer av Kirkemøtet,
- Bispemøtet,
- Ungdommens kirkemøte.

Andre som ønsker å melde saker til behandling, må gjøre det gjennom en av de nevnte instanser.

§ 2-3 skal lyde:

**§ 2-3. Forberedelse og møteinnkalling**

Kirkerådet fremmer, forbereder og tilrettelegger saker som skal behandles av Kirkemøtet, og iverksetter Kirkemøtets beslutninger. Som Kirkemøtets utøvende organ leder Kirkerådet kirkens arbeid på nasjonalt nivå.

Kirkerådet ved leder innkaller medlemmene av Kirkemøtet senest fem uker før møtet. Saksliste skal følge med innkallingen. *Saksdokumenter skal sendes til medlemmene senest fem uker før møtet. I særlige tilfeller kan saksdokumenter også ettersendes.* Det redegjøres for saker som er meldt til behandling, men som ikke er satt opp på sakslisten. Kirkerådet har det praktiske ansvar for gjennomføring av møtet.

§ 2-4 skal opphevast.

Ny § 2-4a skal lyde:

**§ 2-4a. Regelsaker**

*Kirkemøtet skal påse at regelsaker er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.*

*Hvis Kirkemøtet ønsker å vedta et forslag som ikke er utredet i en regelsak, skal saken sendes tilbake til Kirkerådet for nærmere utredning før endelig vedtak. Hvis det er nødvendig å treffe et vedtak i en regelsak før Kirkemøtets neste møte, fattes vedtaket av Kirkerådet innenfor de rammer Kirkemøtet setter. Vedtak som er truffet etter annet punktum, skal refereres i Kirkemøtets første møte etter at vedtaket er truffet.*

§ 3-2 skal lyde:

**§ 3-2. Dirigentskap**

Kirkemøtet velger for hvert møte et dirigentskap på tre medlemmer med personlige varamedlemmer. Disse skal fortrinnsvis være medlemmer av Kirkemøtet.

Begge kjønn skal være representert.

Dirigentskapet velges med *alminnelig* flertall. Kirkerådets sekretariat har ansvar for opptellingen.

Dirigentskapet overtar ledelsen av møtet så snart valget er avgjort.

*Dirigentskapet skal avvise endringsforslag som klart strider imot bestemmelser gitt i lov eller i kirkeordningen.*

Når Kirkemøtet utformer en hilsen, skal denne underskrives av Kirkerådets leder og Bispemøtets preses.

§ 3-4 skal lyde:

**§ 3-4. Tellekorps**

Det oppnevnes tellekorps bestående av *fem* representanter fra sekretariatet.

§ 5-1 skal lyde:

**§ 5-1. Fordeling i komiteer**

Kirkemøtets medlemmer og andre med tale- og forslagsrett, fordeles for hele valgperioden på faste komiteer innenfor de saksområder som møtet skal arbeide med. Kirkerådet fastsetter komiteenes saksområde.

Andre komiteer oppnevnes etter behov. Komiteene arbeider mens Kirkemøtet er samlet, *hvis ikke annet følger av Kirkemøtets forretningsorden.*

§ 5-2 skal lyde:

**§ 5-2. Komité sammensetting**

Det enkelte bispedømmeråd skal på forhånd fremlegge forslag til hvordan rådets medlemmer fordeles på de faste komiteene. Forslaget skal innsendes til sekretariatet *ti* uker før møtet. Bispedømmerådene og møtets geistlige og leke medlemmer bør være forholdsmessig representert i komiteene. Dersom en komité finner det ønskelig med en endring av antall medlemmer, fremlegges forslag om dette for Kirkemøtet.

§ 5-3 skal lyde:

**§ 5-3. Komitéledelse**

Kirkemøtet velger leder i de enkelte komiteer *for en periode på to år*. Lederen innkaller til komitémøtene. Komiteene velger selv nestleder *for tilsvarende periode*. Komiteene velger også saksordførere til de enkelte saker. Kirkemøtet skal gjøres kjent med valgresultatet.

§ 5-4 skal lyde:

**§ 5-4. Arbeidsform**

Komiteens møter er lukket.

Komiteen velger selv *arbeidsform*. Komiteen kan innhente uttalelser. Kirkerådet sørger for sekretærhjelp til komiteene.

*Komiteens leder kan i særlige tilfeller i samråd med Kirkerådet innkalle komiteen til å avholde møte én dag før Kirkemøtets åpning.*

Ny § 5-5 skal lyde:

**§ 5-5. Komitéhøringer**

*Komiteen kan avholde høringer. Med høring menes et møte i komiteen der den mottar muntlige redegjørelser fra personer som den selv anmoder om å komme, eller som søker om å få legge frem opplysninger for komiteen.*

*En person som ønsker å delta i en høring må sende en søknad til Kirkerådet innen den frist Kirkerådet setter. Komiteen avgjør selv om søknaden skal godkjennes.*

*Meningsutveksling mellom komitémedlemmene skal ikke finne sted under en høring.*

*Komiteen fastsetter selv den nærmere prosedyren for sine høringer.*

§ 5-5 blir ny § 5-6 og skal lyde slik:

#### **§ 5-6. Innstilling**

Saker behandles vanligvis minst to ganger i komiteen, og skal resultere i en kortfattet skriftlig innstilling til Kirkemøtet. Innstillingen skal inneholde en begrunnelse for det eller de forslag som fremlegges. *I saker hvor komiteen er delt, har mindretallet rett til å ta inn sin begrunnelse og alternative forslag som en del av innstillingen.*

Innstillingen undertegnes av komitéleder og saksordfører i komiteen.

§ 5-6 blir ny § 5-7.

§ 6-1 skal lyde:

#### **§ 6-1. Fremmøte**

Kirkemøtet kommer sammen i plenum til fastsatte tider.

*Søknad om fravær sendes til dirigentskapet. Dirigentskapet avgjør om fraværet godkjennes.*

§ 6-3 skal lyde:

#### **§ 6-3. Behandlingsform**

Kirkemøtet vedtar behandlingsform for de enkelte saker.

Saker av stor prinsipiell og praktisk betydning skal *normalt* komme til behandling i minst to atskilte plenumssamlinger.

Innstillingen fra komiteene fremlegges i plenum av saksordfører eller et annet medlem av komiteen.

§ 6-4 skal lyde:

#### **§ 6-4. Endringsforslag**

Forslag som et medlem ønsker å få tatt opp til votering, skal gis dirigentskapet skriftlig på papir eller ved bruk av elektronisk møtesystem umiddelbart etter at det er fremsatt, påført forslagsstillers navn.

*Endringsforslag skal fremmes i første plenumsbehandling, normalt i starten av debatten. Nye forslag kan ikke fremmes i senere plenumsbehandlinger, med mindre det berører et punkt i komiteens forslag til vedtak som er nytt i forhold til første plenumsbehandling.*

Overskrifta til § 7-1 skal lyde:

## Hvordan tegne seg til innlegg og replikk

§ 7-1 første ledd skal lyde:

Under debatt i plenum melder man seg til innlegg *og til replikk til innlegg ved bruk av elektronisk møtesystem*. Det tillates to replikker og én svarreplikk i forbindelse med hvert innlegg. Dirigentskapet kan bestemme at *elektronisk møtesystem ikke skal benyttes*. I så fall melder man seg til innlegg ved å vise navnelapp. Replikk til innlegg får man ved å vise navnelapp og to fingre.

§ 7-4 skal lyde:

### § 7-4. Stemmeplikt

Kirkemøtets medlemmer har stemmeplikt, jf. *kirkeordningen § 38 annet ledd*. Det er likevel anledning til å stemme blankt ved personvalg.

Et medlem som ikke er til stede når dirigenten erklærer at en sak er tatt opp til votering, deltar ikke i avstemningen. De medlemmer som er til stede, må ikke forlate salen før voteringen er ferdig.

§ 7-5 andre ledd skal lyde:

Avstemning foregår enten ved *bruk av elektronisk møtesystem*, ved *skriftlig avstemning* eller ved å vise stemmetegn.

§ 7-6 skal lyde:

### § 7-6. Avstemning ved personvalg

*Ved valg av Kirkerådet gjelder egne regler fastsatt av Kirkemøtet.*

Ved andre personvalg kan hvert enkelt medlem kreve skriftlig avstemning. Ved personvalg er den eller de valgt som har fått mer enn halvparten av de avgitte stemmer. Hvis ingen eller et utilstrekkelig antall får slikt flertall, holdes ny avstemning blant de(n) kandidaten(e) som fikk flest stemmer og eventuelt de(n) kandidaten(e) som fikk nest flest. Ved denne er den eller de valgt som får flest stemmer. Ved stemmelikhet avgjøres hvem som er valgt ved loddtrekning.

Ved personvalg presenteres kandidatene av valgkomiteen. Kirkemøtet gis anledning til å komme med andre forslag til kandidater. Disse må være forespurt på forhånd.

Dersom valget foregår skriftlig kan det skje enten *ved bruk av elektronisk møtesystem eller ved stemmesedler på papir*. På stemmeseddelen føres opp så mange navn som det antall som skal velges. Dersom noen skriver flere navn, skal det eller de navn som står sist på stemmeseddelen ikke telles med. Lister med for få navn skal ikke forkastes.

Dersom det er avgitt blanke stemmer skal disse telles med ved opptellingen for å fastslå om møtet er beslutningsdyktig, men ikke telle med i selve *valgoppgjøret*.

§ 8-1 skal lyde:

### § 8-1. Forholdet til annet lovverk

For Kirkemøtet gjelder bestemmelsene i forvaltningsloven og offentlighetsloven, jf. *kirkeordningen § 42*.

## II

Endringane i §§ 1-1, 1-5 første ledd første punktum, 2-4, 3-2, 7-4 og § 8-1 trer i kraft frå det tidspunktet kyrkjeordninga for Den norske kyrkja trer i kraft.

Andre endringar trer i kraft straks.

## Saksorientering

Referansar: KM 05/07, KM 15/14, KM 12/15, KM 12/16, KM 13/16, KM 14/16, KM 15/17, KM 06/18, KR 50/10, KR 38/18, KR 66/18.....	1
Endringar i Kyrkjemøtets forretningsorden.....	1
Samandrag .....	1
Framlegg til vedtak.....	2
Saksorientering.....	7
Innleiing .....	8
Representantar med tale- og forslagsrett og talerett – § 1-4 .....	8
Om møteplikt, forfall og permisjonar – §§ 1-5 og 6-4.....	10
Melding av saker – § 2-1.....	11
Førebuing og møteinnkalling – § 2-3.....	11
Prosedyre for forsvarleg behandling av læresaker – § 2-4 .....	11
Prosedyre for forsvarleg behandling av regelsaker – forslag til ny § 2-4a.....	12
Endringsforslag som er i strid med lov eller kyrkjeordninga – § 3-2.....	13
Komitéhøyringar – §§ 5-1, 5-3, 5-4 og 5-5 .....	13
Mindretalet har rett til å grunngi synet sitt – §§ 5-6 og 6-3.....	15
Behandlingsform – § 6-3.....	15
Frist for å fremje endringsforslag – § 6-4.....	15
Om debatten og røystingar – § 7-1 og § 7-5 .....	16
Reglar for gjennomføring av val – § 7-6 .....	16
Forholdet mellom uskrivne normer og forretningsordenen for Kyrkjemøtet .....	17
Framlegg i plenum .....	18
Prøvevotering .....	18
Bruk av sosiale medium.....	18
Tilvisingar og språklege endringar .....	19
Iverksetjing av reglane i forretningsordenen.....	19

## **Innleiing**

På bakgrunn av evalueringa av Kyrkjemøtet i 2018 vedtok Kyrkjerådet i juni 2018 at «Kirkemøtets forretningsorden tas opp til revisjon» (sak KR 38/18). Arbeidsutvalet i Kyrkjerådet har i sak KR-AU 14/18 drøfta nokre problemstillingar som det er aktuelt å revidere. Kyrkjerådet gjer også framlegg om nokre andre endringar. Samtidig drøftar Kyrkjerådet forholdet mellom skrivne reglar i forretningsordenen for Kyrkjemøtet og uskrivne normer som har utvikla seg til å bli sedvane.

Ein legg opp til at saka blir behandla som ei sak om *endringar* i forretningsordenen. Det vil seie at berre dei paragrafane ein foreslår å endre, skal fremjast for behandling i Kyrkjemøtet, i staden for heile forretningsordenen.

Saksorienteringa følgjer rekkjefølgja til reglane i forretningsordenen for Kyrkjemøtet, slik at endringar i § 1-4 kjem først, følgde av endringar i § 1-5 osv. Mot slutten av saksorienteringa drøftar ein nokre problemstillingar knytte til uskrivne normer for saksbehandling i Kyrkjemøtet.

Det er krav om minst to tredels fleirtal for at Kyrkjemøtet skal kunne gjere endringar i forretningsordenen for Kyrkjemøtet.

## **Representantar med tale- og forslagsrett og talerett – § 1-4**

I dag er representantar som møter i Kyrkjemøtet med tale- og forslagsrett eller berre talerett, regulert i § 1-4 i forretningsordenen:

### **§ 1-4. Andre representanter på Kirkemøtet**

Med tale- og forslagsrett møter:

- leder av Mellomkirkelig råd, såfremt vedkommende ikke er valgt medlem av Kirkemøtet,
- 4 representanter for Ungdommens kirkemøte,
- 1 representant for hver av de tre teologiske fakultetene, oppnevnt av fakultetet selv,
- første varamedlem for døvemenighetenes medlem i Oslo bispedømmeråd, og
- avtroppende medlemmer av Kirkerådet.

Med talerett møter:

- Kirkerådets direktør
- Generalsekretærene i Mellomkirkelig råd og Samisk kirkeråd
- 1 representant fra kirkeavdelingen i Kulturdepartementet
- En representant fra hvert kirkesamfunn som Den norske kirke har kirkefelleskap med.

Med talerett i saker som angår egen virksomhet møter:

- 1 representant for Den norske Sjømannskirken/Norsk kirke i utlandet
- 1 representant for Døvekirkenes fellesråd.



Møtet kan gi talerett i enkeltsaker til andre personer etter forslag fra dirigenten.

Representantane med tale- og forslagsrett deltek i plenums- og komitéarbeidet i Kyrkjemøtet, medan representantane med talerett berre deltek i plenum i Kyrkjemøtet.

Som følgje av endringane i relasjonane mellom staten og Den norske kyrkja gjer ein framlegg om å ta ut representanten frå kyrkjeavdelinga i Kulturdepartementet. Kyrkjemøtet vil etter siste ledd kunne gi talerett i enkeltsaker til andre personar enn dei som er nemnde. Det kan til dømes gjerast for ein representant frå departementet med ansvar for tru og livssyn dersom det er behov for det.

KA – Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter – har tidlegare søkt om å få møte med ein representant med talerett i Kyrkjemøtet, jf. brev av 6. mai 2010. Grunngivinga KA da trekte fram, var at:

«Kirkemøtet har ulike lovpålagte oppgaver som berører utøvelsen av fellesrådets ansvar/arbeidsgiveransvaret lokalt. Vi vil her peke på bl.a. myndigheten til å fastsette tjenesteordninger og kvalifikasjonskrav, liturgimyndighet knyttet til vigsling, planer for undervisning, diakoni og kirkemusikk osv. I tillegg har en rekke av de vedtak Kirkemøtet fatter om ulike sider av lokalkirkens liv direkte og indirekte konsekvenser for utøvelsen av arbeidsgiveransvaret.

KA søker om talerett for å bidra til å belyse de saker som behandles. KA har opparbeidet spesialkompetanse innenfor arbeidsgiverrelaterte spørsmål, økonomiske konsekvenser, kirkelig organisering osv som vi mener det er viktig at Kirkemøtet er kjent med i debatten og beslutningsprosessen». (Brev frå KA 30. april 2010.)

Kyrkjerådet hadde ei vurdering av spørsmålet i sak KR 50/10, der det vart gjort nærmare greie for kven som etter kvart har fått talerett og tale- og forslagsrett i Kyrkjemøtet, og der det vart lagt vekt på at talarstolen i Kyrkjemøtet «primært [bør] være forbeholdt de personer som er valgt inn som medlemmer av Kirkemøtet, og en bør videreføre en restriktiv praksis mht. å gi talerett til andre enn Kirkemøtets valgte medlemmer». Kyrkjerådet valde på det aktuelle tidspunktet å gjere dette vedtaket:

**KR-50/10 Vedtak:**

1. Kirkerådet finner ut fra en helhetsvurdering ikke å kunne innvilge søknaden fra Kirkens Arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) om talerett på Kirkemøte.
2. Kirkerådet viser til den inngåtte samarbeidsavtale mellom KA og KR som bør sikre at KAs brede kompetanse blir godt nok ivaretatt i forberedelsen av saksdokumenter som skal legges fram for Kirkemøtet.

I samband med revideringa av samarbeidsavtalen mellom Kyrkjerådet og KA vart spørsmålet om KA bør få talerett, reist på nytt. Kyrkjerådet har derfor vurdert spørsmålet på nytt og held fast på konklusjonen om at talarstolen i Kyrkjemøtet primært bør vere for dei personane som er valde inn som medlemmer av Kyrkjemøtet.

## Om møteplikt, forfall og permisjonar – §§ 1-5 og 6-4

Den som er vald som medlem av eit lovfesta kyrkjeleg organ, har plikt til å delta på møta i organet, med mindre det er gyldig forfall, jf. kyrkjelova § 30 første ledd. Dette er det foreslått å vidareføre i kyrkjeordninga § 38 første ledd. Denne regelen byggjer på tilsvarende regel i kommunelova. Møteplikta byggjer på prinsippet om at når ein først er vald, så har ein òg ei plikt og ein rett til å fungere i vervet.

Møteplikta er ikkje absolutt. Dersom det er *gyldig forfall*, slepp vedkomande å møte. Kva som blir rekna som gyldig forfall, skal vurderast med utgangspunkt i kriteria i domstollova § 90 andre ledd første punktum: at «sykdom eller andre hindringer gjør det umulig eller uforholdsmessig byrdefullt å møte». Kyrkjerådet meiner det må visast skjønnt med tanke på kva som kan definerast som gyldig forfall, men kriteria bør være strenge. Ein for brei definisjon vil føre til utholing av møteplikta. Døme på gyldig forfall kan vere eksamenar og obligatorisk undervisning. Ettersom tidspunktet for Kyrkjemøtet er fastsett lang tid i førevegen, vil normalt ikkje feriar bli rekna som gyldig forfall.

Møteplikta følgjer i dag av kyrkjelova og vil i framtida vere fastsett i kyrkjeordninga, sjå § 38 første ledd i utkastet til kyrkjeordninga. Forretningsordenen for kyrkjemøtet er derfor ikkje den primære staden for regulering av denne plikta. Kyrkjerådet foreslår derfor berre ei språkleg justering i § 1-5, der formuleringa «lovlig forfall» blir endra til «gyldig forfall».

Kortare permisjonar enn to dagar har vore innvilga av sekretariatet i Kyrkjerådet dersom behovet har vore meldt i forkant av møtet, eller av dirigentskapet i Kyrkjemøtet dersom behovet melder seg under Kyrkjemøtet, jf. §§ 1-5 og 6-1 i forretningsordenen. Dette korttidsfråværet har i nokre tilfelle skapt frustrasjon under avviklinga av Kyrkjemøtet. Det har vist seg at fråvær frå komitémøte i visse tilfelle hemmar progresjonen i ei sak. Dersom ein medlem som har fråvær under eit komitémøte, ved neste komitémøte tek opp att sider ved ei sak som komiteen elles har debattert ferdig, er dette øydeleggjande for prosessen. Det same gjeld dersom ein medlem har fråvær under første gongs behandling av ei sak, men deltek aktivt i debatten under andre gongs plenum. Det er ulike måtar dette kan løysast på. Eit alternativ er å innvilge berre korttidsfråvær på grunn av sjukdom eller andre hindringar som gjer det umogleg eller ekstra byrdefullt å vere til stades. Alternativt kan ein i tillegg også innvilge permisjon for opningsdagen, under orienteringssaker, eventuelle foredrag og gudstenester. Kyrkjerådet foreslår ei innskjerping i tråd med det sistnemnde alternativet. For å tydeleggjere dette foreslår Kyrkjerådet å endre § 6-1 andre ledd til: «Søknad om fravær sendes til dirigentskapet. Dirigentskapet avgjør om fraværet godkjennes.»

§§ 1-5 og 6-1 i forretningsordenen for Kyrkjemøtet vil etter dette lyde slik:

### § 1-5. Møteplikt

Kirkemøtets medlemmer har møteplikt, jf. *kirkeordningen § 38 første ledd*. Dette gjelder også representanter med tale- og forslagsrett. *Gyldig* forfall meldes til Kirkerådet, som er ansvarlig for å innkalle varamedlem.

Hvis et medlem har forfall for *to* dager eller mer, innkalles i stedet varamedlem for hele møtet.

Varamedlem kan ikke innkalles for deler av møtet.

### **§ 6-1. Fremmøte**

Kirkemøtet kommer sammen i plenum til fastsatte tider.

*Søknad om fravær sendes til dirigentskapet. Dirigentskapet avgjør om fraværet godkjennes.*

## **Melding av saker – § 2-1**

Etter § 2-1 i forretningsordenen for Kyrkjemøtet kan regjeringa og Kyrkjedepartementet melde saker til behandling i Kyrkjemøtet. Som ei følgje av endringane i relasjonen mellom staten og Den norske kyrkja kan det stillast spørsmål ved om det er naturleg at desse framleis skal vere med i oversynet over dei instansane som har rett til å melde saker til Kyrkjemøtet. Samtidig inneber forslaget til ny rammelovgivning for Den norske kyrkja at forslag til vesentlege endringar i reglane i kapittelet om Den norske kyrkja i trussamfunnslova «skal forelegges Kirkemøtet». Kyrkjerådet foreslår likevel å ta ut regjeringa og Kyrkjedepartementet frå lista for å forenkle regelen. Eventuelle saker som regjering eller departement legg fram for Kyrkjemøtet, vil kunne meldast til behandling gjennom Kyrkjerådet.

## **Førebuing og møteinnkalling – § 2-3**

Som følgje av at Kyrkjerådet har ei endra rolle frå 1. januar 2017, gjer ein framlegg om nokre språklege endringar i § 2-3. I andre ledd i den aktuelle paragrafen heiter det at sakliste og saksdokument skal følgje med innkallinga. Etter ordlyden i regelen vil det seie at saksdokument ikkje kan ettersendast. I praksis sender leiaren for Kyrkjerådet vanlegvis innkalling med meir enn fem vekers varsel, inkludert dei fleste saksdokumenta. Nokre dokument kan sendast seinare, men innanfor femvekersfristen. Unntaksvis har det òg hendt at dokument er ettersende etter femvekersfristen, til dømes der eit høyringsdokument frå departementet har vorte sendt til Kyrkjerådet etter femvekersfristen. Kyrkjerådet foreslår derfor å gjere nokre mindre endringar som tek omsyn til dette:

### **§ 2-3. Forberedelse og møteinnkalling**

Kirkerådet fremmer, forbereder og tilrettelegger saker som skal behandles av Kirkemøtet, og iverksetter Kirkemøtets beslutninger. Som Kirkemøtets utøvende organ leder Kirkerådet kirkens arbeid på nasjonalt nivå.

Kirkerådet ved leder innkaller medlemmene av Kirkemøtet senest fem uker før møtet. Sakliste skal følge med innkallingen. Saksdokumenter skal sendes til medlemmene senest fem uker før møtet. I særlige tilfeller kan saksdokumenter også ettersendes. Det redegjøres for saker som er meldt til behandling, men som ikke er satt opp på saklisten. Kirkerådet har det praktiske ansvar for gjennomføring av møtet.

## **Prosedyre for forsvarleg behandling av læresaker – § 2-4**

Kyrkjerådet har foreslått at noverande regel i forretningsordenen for Kyrkjemøtet om behandling av lære- og liturgisaker, jf. forretningsordenen § 2-4, skal takast inn i kyrkjeordninga for Den norske kyrkja med nokre mindre språklege endringar, i staden for i forretningsordenen for Kyrkjemøtet. Dersom Kyrkjemøtet tek dette inn i kyrkjeordninga, foreslår Kyrkjerådet at regelen i § 2-4 i forretningsordenen blir oppheva frå same tidspunkt.

### **Prosedyre for forsvarleg behandling av regelsaker – forslag til ny § 2-4a**

Etter andre ledd i § 6-3 i gjeldande forretningsorden skal saker av stor prinsipiell og praktisk betydning kome til behandling i minst to plenumssamlingar. Vidare er det i § 2-4 i gjeldande forretningsorden særlege reglar for behandlinga av spesielle saker av læremessig karakter. Elles er det Kyrkjemøtet sjølv som vedtek behandlingsform for dei enkelte sakene, jf. § 6-3 i forretningsordenen.

Gjennom endringar dei seinare åra i relasjonen mellom staten og Den norske kyrkja har Kyrkjemøtet fått styrkt dei regelgivande fullmaktene sine. Utkastet til ny lov om trus- og livssynssamfunn legg opp til å styrkje dei regelgivande fullmaktene til Kyrkjemøtet enda meir. Med forslaget til ny trussamfunnslov vil nokre regelsett som Kyrkjemøtet kan vedta, etter forvaltningslova vere forskrifter. Andre regelsett som Kyrkjemøtet kan vedta, kan kallast kyrkjelege føresegner, slik som regelverk knytt til liturgiar. Dei regelsetta som etter forvaltningslova vil vere forskrifter, må følgje dei krava til saksbehandlinga som kapittel VII i forvaltningslova set. Der er det mellom anna krav om at organet skal syte for at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak, og eit krav om at dei instansane det gjeld, med få unntak, skal få høve til å uttale seg om sakene gjennom ei høyring. Tilsvarande saksbehandlingsreglar blir til vanleg også nytta for andre regelsett.

Det har hendt at det blir sett fram heilt nye forslag i Kyrkjemøtet i saker som har vore til høyring før dei blir lagde fram for Kyrkjemøtet. Slike forslag har ikkje vore til høyring og er derfor heller ikkje nærmare utgreidde. Det har mellom anna ført til at Kyrkjemøtet har vedteke reglar som har vore i strid med kyrkelova, og som derfor måtte rettast i etterkant (KM 11/11, KR 79/11 og KM 03.10/12). For å hindre dette, for å ta omsyn til høyringsinstansane og for å sikre forsvarleg saksbehandling gjer ein framlegg om å avgrense dei fullmaktene Kyrkjerådet har til å vedta forslag som ikkje er greidde ut i regelsaker.

Men i nokre tilfelle vil det vere regelsaker som ikkje utan vidare kan utsetjast eitt år. Til dømes ville det ha vore for seint å utsetje behandlinga av kyrkjevalreglane frå Kyrkjemøtet i 2018 til Kyrkjemøtet i 2019, ettersom arbeidet med valet ville ha teke til før reglane da kunne vedtakast i Kyrkjemøtet. I slike saker bør det overlatast til Kyrkjerådet å gjere vedtaket, innanfor dei rammene Kyrkjemøtet set.

Kyrkjerådet foreslår etter dette denne nye regelen:

#### **§ 2-4a. Regelsaker**

*Kirkemøtet skal påse at regelsaker er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.*

*Hvis Kirkemøtet ønsker å vedta et forslag som ikke er utredet i en regelsak, skal saken sendes tilbake til Kirkerådet for nærmere utredning før*

*endelig vedtak. Hvis det er nødvendig å treffe et vedtak i en regelsak før Kirkemøtets neste møte, fattes vedtaket av Kirkerådet innenfor de rammer Kirkemøtet setter. Vedtak som er truffet etter annet punktum, skal refereres i Kirkemøtets første møte etter at vedtaket er truffet.*

### **Endringsforslag som er i strid med lov eller kyrkjeordninga – § 3-2**

Det har hendt at medlemmer av Kyrkjemøtet har fremja endringsforslag til reglar som klart strir mot reglar i kyrkjelova, slik at Kyrkjemøtet ikkje har fullmakt til å vedta det som det er gjort framlegg om. Etter gjeldande reglar kan ein medlem og representantar med forslagsrett krevje at eit forslag blir teke til votering, også der det klart er i strid med lovreglar. Kyrkjerådet gjer framlegg om å endre forretningsordenen slik at dirigentskapet får rett og plikt til å avvise eit forslag som klart strir mot reglar i lov og i kyrkjeordninga.

Kyrkjerådet gjer samtidig framlegg om ei språkleg endring i same paragraf, ved å endre omgrepet vanleg fleirtal til alminneleg fleirtal. Det inneber inga endring i innhaldet.

#### **§ 3-2. Dirigentskap**

Kirkemøtet velger for hvert møte et dirigentskap på tre medlemmer med personlige varamedlemmer. Disse skal fortrinnsvis være medlemmer av Kirkemøtet.

Begge kjønn skal være representert.

Dirigentskapet velges med *alminnelig* flertall. Kirkerådets sekretariat har ansvar for opptellingen.

Dirigentskapet overtar ledelsen av møtet så snart valget er avgjort.

*Dirigentskapet skal avvise endringsforslag som klart strider imot bestemmelser gitt i lov eller i kirkeordningen.*

Når Kirkemøtet utformer en hilsen, skal denne underskrives av Kirkerådets leder og Bispemøtets preses.

### **Komitéhøyringar – §§ 5-1, 5-3, 5-4 og 5-5**

Etter gjeldande forretningsorden er møta i komiteen lukka, men komiteen kan kalle inn sakkunnige personar til møta sine (§ 5-4 i forretningsordenen). I somme tilfelle kallar komiteen sjølv inn sakkunnige, men i praksis er det ulike grupperingar eller partane det gjeld, som ber om å få kome inn i komiteane for å leggje fram synspunkta sine på ei sak som komiteen behandlar. I visse tilfelle har dette teke så mykje tid at komiteen har hatt problem med å ferdigbehandle ei sak før plenumsbehandlinga.

Frå 1. januar 2017 har Kyrkjemøtet fått styrkt fullmaktene sine, både gjennom større budsjettmyndigheit og regelgivande myndigheit. Forslaget til ny trussamfunnslov vil styrkje fullmaktene til Kyrkjemøtet enda meir. Desse endringane gjer òg at interessegrupper i større grad vil måtte orientere seg mot Kyrkjemøtet enn mot Stortinget. Ved å opne for at interessegrupper får høve til å leggje fram synspunkta sine på saker som komiteen behandlar, vil avgjerdene kunne få større legitimitet, og ein vil kunne sikre at sakene er best mogleg utgreidde.

Kyrkjerådet gjer framlegg om ei ny ordning for korleis Kyrkjemøtet sine komitéhøyringar kan organiserast etter førebilete frå Stortinget sine komitéhøyringar. Det vil seie at interesserte kan søkje om å få delta i høyringa innan ein frist før møtet i Kyrkjemøtet. Komitésekretæren vil på bakgrunn av søknadene lage ei tilråding for komiteen som ein drøftar på det første komitémøtet.

Etter § 5-1 i gjeldande forretningsorden arbeider komiteane berre medan Kyrkjemøtet er samla. I visse samanhengar kan ein komité ha behov for å halde nokre fleire komitémøte enn det dei andre komiteane i Kyrkjemøtet vil ha behov for. Somme år vil Kyrkjemøtet til dømes behandle større økonomisaker som både er komplekse og har spørsmål det knyter seg mange interesser til. I slike tilfelle kan det vere nyttig at den aktuelle komiteen møter ein dag tidlegare, slik at det blir tid til å gjennomføre ei høyring og drøfte saka grundig. Tilsvarande kan nok kyrkjeordningskomiteen i visse tilfelle ha behov for å møtast ein dag ekstra før Kyrkjemøtet. Kyrkjerådet foreslår å opne for dette, for å skape større fleksibilitet og eit handlingsrom for komitear som behandlar større saker. Men det bør vere ein viss terskel for å kalle inn komiteen til møte ein dag i førevegen. Kyrkjerådet foreslår derfor å presisere at det berre kan skje i særskilde tilfelle og i samråd med Kyrkjerådet.

Men ei slik ordning krev at det er valt ein komitéleiar som kan kalle inn og leie komiteen, også før heile Kyrkjemøtet har kome saman. Kyrkjerådet foreslår derfor at Kyrkjemøtet vel komitéleiar for ein periode på to år i staden for årleg. Det første året i perioden vil det ikkje vere valt nokon komité eller nokon komitéleiar. Det gjer at det ikkje vil vere mogleg å gjennomføre eit slikt møte det første året. Det tredje året i valperioden til Kyrkjemøtet, der det skal veljast ein komitéleiar for dei to siste åra, vil avtroppande komitéleiar fungere fram til ny leiar er vald, slik at komiteen kan møtast tidlegare.

Kyrkjerådet foreslår desse reglane:

#### **§ 5-1. Fordeling i komiteer**

Kirkemøtets medlemmer og andre med tale- og forslagsrett, fordeles for hele valgperioden på faste komiteer innenfor de saksområder som møtet skal arbeide med. Kirkerådet fastsetter komiteenes saksområde.

Andre komiteer oppnevnes etter behov. Komiteene arbeider mens Kirkemøtet er samlet, *hvis ikke annet følger av Kirkemøtets forretningsorden.*

#### **§ 5-3. Komitéledelse**

Kirkemøtet velger leder i de enkelte komiteer *for en periode på to år.* Lederen innkaller til komitémøtene. Komiteene velger selv nestleder *for tilsvarende periode.* Komiteene velger også saksordførere til de enkelte saker. Kirkemøtet skal gjøres kjent med valgresultatet.

#### **§ 5-4. Arbeidsform**

Komiteens møter er lukket.

Komiteen velger selv *arbeidsform.* Komiteen kan innhente uttalelser. Kirkerådet sørger for sekretærhjelp til komiteene.

*Komiteens leder kan i særlige tilfeller i samråd med Kirkerådet innkalle komiteen til å avholde møte én dag før Kirkemøtets åpning.*

### **§ 5-5. Komitéhøringar**

*Komiteen kan avholde høringar. Med høring menes et møte i komiteen der den mottar muntlige redegjørelser fra personer som den selv anmoder om å komme, eller som søker om å få legge frem opplysningar for komiteen.*

*En person som ønsker å delta i en høring må sende en søknad til Kirkerådet innen den frist Kirkerådet setter. Komiteen avgjør selv om søknaden skal godkjennes.*

*Meningsutveksling mellom komitémedlemmene skal ikke finne sted under en høring.*

*Komiteen fastsetter selv den nærmere prosedyren for sine høringar.*

Noverande § 5-5 blir ny § 5-6 osv.

### **Mindretalet har rett til å grunngi synet sitt – §§ 5-6 og 6-3**

I gjeldande forretningsorden, § 6-3 siste ledd siste punktum, er dette fastsett: «I saker hvor komiteen er delt, kan en representant for mindretallet presentere mindretallets begrunnelse og alternative forslag. Taletid gis av dirigenten». I praksis har synet til mindretalet som regel vorte presentert i innstillinga. I slike tilfelle vil det vere naturleg at saksordføraren eller ein annan representant for komiteen gjer greie for begge syn i samband med framlegget av innstillinga, og at representantar for mindretalet teiknar seg til innlegg på ordinær måte for å utdjupe synspunktet sitt i debatten.

Kyrkjerådet foreslår at § 6-3 siste ledd siste punktum, slik det er gitt att ovanfor, blir oppheva og erstatta av ei ny setning i noverande § 5-5 om innstillinga: «I saker hvor komiteen er delt, har mindretallet rett til å ta inn sin begrunnelse og alternative forslag som en del av innstillingen.»

### **Behandlingsform – § 6-3**

Etter § 6-3 forretningsordenen skal saker av stor og prinsipiell interesse kome til behandling i minst to skilde plenumssamlingar. Kyrkjerådet meiner at denne regelen bør vurderast. Nokre saker av stor og prinsipiell interesse vil vere såpass gjennomarbeidde før dei når fram til Kyrkjemøtet, at det ikkje er gitt at det er nødvendig å behandle desse sakene i minst to skilde plenumssamlingar. Samtidig er det viktig å syte for at Kyrkjemøtet får behandla slike saker på ein forsvarleg måte. Kyrkjerådet tilrår å mjuke opp regelen i ei viss grad, ved å fastsetje at saker av stor og prinsipiell interesse *normalt* skal kome til behandling i minst to skilde plenumssamlingar.

### **Frist for å fremje endringsforslag – § 6-4**

Det har utvikla seg ein uformell sedvane om at nye forslag ikkje skal setjast fram ved andre gongs behandling. Dette er noko dirigentskapet orienterer om i byrjinga av møtet. Føremålet med denne praksisen er å sikre ei forsvarleg saksbehandling, slik at konsekvensar av forslaga som blir sette fram, kan bli vurderte av komiteen.

Kyrkjerådet foreslår å regelfeste dette. Samtidig er det nødvendig å sikre nokre unntak frå hovudregelen. Det har til dømes hendt at den første plenumsbehandlinga overtyder eit fleirtal i komiteen om å snu opp ned på innstillinga, slik at komiteen endrar forslaget sitt samanlikna med forslaget frå første plenum. Dersom komiteen gjer endringar mellom første og andre plenumsbehandling, bør det derfor vere opning for at medlemmene av Kyrkjemøtet kan kome med endringsforslag som berre er knytt til dette.

Kyrkjerådet foreslår etter dette denne regelen:

#### **§ 6-4. Endringsforslag**

Forslag som et medlem ønsker å få tatt opp til votering, skal gis dirigentskapet skriftlig på papir eller ved bruk av elektronisk møtesystem umiddelbart etter at det er fremsatt, påført forslagsstillers navn. *Endringsforslag skal fremmes i første plenumsbehandling, normalt i starten av debatten. Nye forslag kan ikke fremmes i senere plenumsbehandlinger, med mindre det berører et punkt i komiteens forslag til vedtak som er nytt i forhold til første plenumsbehandling.*

#### **Om debatten og røystingar – § 7-1 og § 7-5**

I § 7-1 gjeldande forretningsorden er hovudregelen at ein teiknar seg til innlegg og replikk ved å vise namnelapp eller namnelapp og to fingrar. Men som ein unntaksregel er det opna for at dirigentskapet kan avgjere at dette skal fråvikast ved bruk av elektronisk møtesystem. Etter innføringa av elektronisk møtesystem har det i praksis heller vorte hovudregelen at ein teiknar seg til innlegg og replikk ved bruk av dette systemet. Kyrkjerådet foreslår derfor å snu regelen slik at hovudregelen er bruk av elektronisk møtesystem og unntaket at ein bruker namnelapp. Sjå forslag til § 7-1 første ledd. Tilsvarande foreslår ein i § 7-5 andre ledd å endre rekkjefølgja på korleis røystingar kan gjennomførast, slik at bruk av elektronisk røysting kjem før skriftleg røysting og vising av røysteteikn.

Regelen skal ein forstå slik at dersom ein medlem av Kyrkjemøtet ikkje får det elektroniske møtesystemet til å verke under møtet, vil vedkomande medlem likevel kunne melde seg til innlegg ved å vise namnelapp og til replikk ved å vise namnelapp og to fingrar og røyste manuelt.

#### **Reglar for gjennomføring av val – § 7-6**

I gjeldande forretningsorden er det teke inn ein parentes med denne ordlyden: «For valg av Kirkeråd, se egne regler.» I samsvar med god regelteknikk blir parentesar i reglar først og fremst nytta for å forklare eit bransjeuttrykk eller ei forkorting, ikkje for å slå fast at det gjeld egne særreglar som gjer at hovudregelen ikkje skal gjelde. For å tydeleggjere at det gjeld egne reglar for valet av Kyrkjerådet, foreslår Kyrkjerådet nokre språklege endringar i § 7-6. Samtidig foreslår Kyrkjerådet å erstatte omgrepet «stemmeoppgjøret» i same paragraf med det meir vanlege omgrepet «valgoppgjøret». Ein foreslår òg å erstatte rekkjefølgja på bruk av røystesetlar på papir og bruk av elektronisk møtesystem i fjerde ledd, slik at elektronisk møtesystem kjem først.



## Forholdet mellom uskrivne normer og forretningsordenen for [Kyrkjemøtet](#)

Saksbehandlinga i Kyrkjemøtet blir først og fremst gjennomført på grunnlag av forretningsordenen for Kyrkjemøtet. Ved sida av forretningsordenen har det utvikla seg ein «sedvane» med nokre nærmare uskrivne normer som utfyller forretningsordenen med mellom anna føringar for korleis medlemmene av Kyrkjemøtet skal opptre. Ettersom det ikkje står noko om dette i forretningsordenen for Kyrkjemøtet, kan det opplevast som vanskeleg for nye medlemmer i Kyrkjemøtet å forstå dei uformelle spelereglane som har utvikla seg.

Kyrkjerådet foreslår å avvikle nokre av dei uformelle normene som har utvikla seg. Dersom det er behov for å vidareføre sedvanen, bør det gjerast i form av å ta dette inn som reglar i forretningsordenen for Kyrkjemøtet. På den måten vil spelereglane for gjennomføringa av Kyrkjemøtet vere gjennomsiktige i den forstand at alle medlemmene kan setje seg inn i dei gjennom å lese forretningsordenen for Kyrkjemøtet.

Rolla til komitémedlemmene i plenum er eit konkret døme på ein slik uformell speleregel. Det har utvikla seg ei forståing av at komitémedlemmer ikkje skal vere særleg aktive i debatten om eiga sak, med tilvising til at komitémedlemmene får høve til å påverke saka gjennom arbeidet i komiteen. Prinsippet har vore praktisert ulikt, på den måten at sjølv om dei fleste har følgd det, er det ikkje alle som har gjort det. Fordi det ikkje er nedfelt skriftleg nokon stad, kan dirigentskapet heller ikkje «slå ned» på slike brot på dei uformelle spelereglane. Organiseringa av og arbeidsforma i Kyrkjemøtet vart i si tid utvikla etter modell frå Stortinget, men på Stortinget er det medlemmene av komiteen som diskuterer sakene i plenum. Det er grunn til å tru at dei som har behandla ei sak i komité, også har best oversyn og dermed kan orientere godt om saka i plenum. Kyrkjerådet meiner derfor at det ikkje bør setjast uformelle skrankar for deltakinga til komitémedlemmene i plenumsbehandling av saker dei har drøfta i eigen komité.

Eit anna døme er rolla til kyrkjerådsmedlemmene i Kyrkjemøtet. Det har vore ulike oppfatningar om kor aktive medlemmene av Kyrkjerådet bør vere i debatten, noko som har ført til at dei ofte har vore litt atterhaldne i debattane. Kyrkjerådet er ansvarleg for å fremje, førebu og leggje til rette saker som Kyrkjemøtet behandlar. Det følgjer av dette at kyrkjerådsmedlemmene også er ansvarlege for dei synspunkta og forslaga til vedtak som kjem fram i saksdokumenta. Ein kan rekne med at kyrkjerådsmedlemmene gjennom førebuingane av sakene har sett seg godt inn i dei. Dersom dei er atterhaldne i debatten, risikerer ein at verdifull kompetanse og saksinnsikt ikkje kjem godt nok fram. Kyrkjerådet har som utøvande organ for Kyrkjemøtet ei viktig leiarrolle også i Kyrkjemøtet. Det tilseier at kyrkjerådsmedlemmene bør kunne delta aktivt i debattane i Kyrkjemøtet.

Vidare har det vore sedvane at ein ikkje foreslår kyrkjerådsmedlemmer som komitéleiarar eller saksordførarar i Kyrkjemøtet. Det heng saman med at Kyrkjerådet fremjar sakene for Kyrkjemøtet, og ein tanke om maktfordeling mellom det øvste organet og det utøvande organet har tala imot at kyrkjerådsmedlemmene også tek på seg leiaroppgåver i det øvste organet. Samtidig har denne restriktive holdninga ført til at verdifull kompetanse ikkje har vore nytta til oppgåva som komitéleiar, til dømes.

Det at kyrkjerådsmedlemmene er godt orienterte om sakene, kunne også ha tala for at dei vart sette opp som saksordførarar. Kyrkjerådet legg til grunn at det ikkje vil vere aktuelt å ta inn reglar om dette, men at det vil vere opp til Kyrkjerådet å vurdere dette spørsmålet når det gjer framlegg om komitéleiarar frå år til år.

## **Framlegg i plenum**

I § 5-3 i forretningsordenen for Kyrkjemøtet er det fastsett at tilrådinga frå komiteane skal leggjast fram i plenum av saksordføraren eller ein annan medlem av komiteen. Tilrådinga skal kome minst ein time før sesjonen tek til. I praksis har ein erfart at ikkje alle komitétilrådingar har kome ein time før sesjonen, noko som må innskjerpast.

I praksis les saksordføraren ved første gongs behandling heile komitétilrådinga og framlegg til vedtak. Ved andre gongs behandling er det berre endringane i høve til den første tilrådinga som blir lesne. I større regelverk har det vore praktisert at berre framlegg til endringar i høve til det som er sendt ut frå Kyrkjerådet, er lesne opp. Denne opplesinga kan til dels ta mykje tid, samtidig har ein sett at forsøk på «fritt» å gjere greie for synspunkta til komiteen kan ta vel så mykje tid.

Kyrkjerådet legg opp til ein ny praksis der det berre er venta at saksordføraren gir ei kortfatta oppsummering av synspunkta til komiteen på to til tre setningar og berre les forslag til vedtak. Da er det ein føresetnad at ein held tidsfristane. Kyrkjerådet meiner at det ikkje er aktuelt å regulere dette i forretningsordenen.

## **Prøvevotering**

Prøvevotering blir nytta for å sondere stemninga og/eller for å få markert dei primære standpunkta til medlemmene. Prøvevoteringar held ein gjerne like før sjølve voteringa. I møte har komiteane ofte ønskt prøvevotering under første plenumsbehandling for å få eit oversyn over kva fleirtalet i Kyrkjemøtet meiner i ei viss sak, for å arbeide ut frå dette fram til andre gongs plenumsbehandling. Men det har hendt at resultatet av prøvevoteringa har vorte brukt til å «snu stemninga» i Kyrkjemøtet. I evalueringa av Kyrkjemøtet i 2018 vart dette vurdert som uheldig, og det er uttrykt ønske om å leggje sperrer for denne måten å bruke prøvevotering på.

Ei prøvevotering er ikkje bindande, og det er vanskeleg å sjå at det vil vere tenleg å regelfeste forbod mot prøvevotering. Kyrkjerådet foreslår ingen endringar knytte til prøvevotering.

## **Bruk av sosiale medium**

Det siste tiåret har møtekulturen i Kyrkjemøtet endra seg som følge av den digitale utviklinga.

I evalueringa av Kyrkjemøtet i 2018 kom det fram at fleire såg det som utidig at Facebook blir nytta under plenumsforhandlingane, noko som blir opplevd som eit

«møte under møtet», der delar av debatten skjer i det skjulte. Tilbakemeldingane gjekk på at dette verkar forstyrrende og er uheldig for dynamikken i møtet.

Samtidig har det i dei siste kyrkjemøteperiodane skjedd ei utvikling i retning av meir og meir organiserte grupperingar. Det kan føre til større behov for å samrå seg under eit møte. I staden for elektroniske sidedebattar under plenumsforhandlingane foreslår Kyrkjerådet at det heller blir lagt til rette for at medlemmene kan be om ein pause i forhandlingane, slik at medlemmene av ulike grupperingar får høve til å samrå seg.

Kyrkjerådet kan ikkje sjå at det vil vere naturleg å ta inn reglar om dette i forretningsordenen for Kyrkjemøtet, men legg til grunn at dirigentskapet bør leggje til rette for dette. Det kan eventuelt utviklast retningslinjer for bruk av sosiale medium under møtet.

### **Tilvisingar og språklege endringar**

Som følgje av at kyrkjelova truleg er oppheva før Kyrkjemøtet i 2020, foreslår Kyrkjerådet å endre tilvisingane til kyrkjelova til tilsvarande reglar i kyrkjeordninga. Dette gjeld endringar i §§ 1-1, 1-5 første ledd første punktum, § 7-4 og § 8-1.

Kyrkjerådet foreslår også å følgje tilrådinga frå Språkrådet om å skrive små tal frå *ein* til *tolv* med bokstavar, medan store tal frå *13* og oppover skal skrivast med siffer.

### **Iverksetjing av reglane i forretningsordenen**

Nokre av endringsforslaga krev at den nye kyrkjeordninga og trussamfunnslova er sette i verk. Kyrkjerådet foreslår derfor ei delt iverksetjing av vedtaket, slik at desse reglane først trer i kraft frå det tidspunktet kyrkjeordninga og trussamfunnslova trer i kraft.

Kyrkjerådet foreslår at resten av reglane skal tre i kraft straks.

### **Økonomiske/administrative konsekvensar**

Forslaget om å opne for at nokre komitear kan møtast ein ekstra dag i samband med Kyrkjemøtet, vil føre til auka utgifter til reservering av møterom, kost og losji og tapt arbeidsforteneste for dei medlemmene dette gjeld.